

Noko er gale i jordbruket

Siri Helle forklarar korleis norsk landbruk har spora av, og korleis vi kan kome oss på vegen att.

SAKPROSA

SIRI HELLE:

Skal landet gro att? Korleis berge norsk jordbruk

DREYERS FORLAG 2015

I dag står fjøset heime tomt. Dotter til bror min prøvde det beste ho kunne, men innsåg at ei utbygging av drifta mot nye ti-femten år ville gjere både velferda og inntekta ringare, samstundes som det einaste som ville auke var gjelda. Same kor effektiv ho gjorde drifta, så lét ikkje mjølkeproduksjonen seg berge på garden der eg voks opp.

På under førti år har produksjonen og storleiken på bruket der far min og mor mi fødte seg sjølve og seks born, tredobla seg. Arealet har auka frå 120 til 450 mål, besetninga er auka frå 10 til 30 mjølkekyr, og mjølkeytinga per ku er nær dobla, men likevel var ikkje det nok til å henge med

på kapplauget.

Korleis har me kome dit? Korleis har det skjedd at eit mjølkebruk med 30 mjølkekyr og 450 mål jord ikkje lenger lét seg drive, sjølv med eit inntektskrav monaleg under gjennomsnittet? Ikkje veit eg, men det eg veit, er at noko er gale i jordbruket.

UT AV UFØRET

Dei kan sitje så samla dei berre vil i Landbruks- og matdepartementet og på Landbrukets Hus i Schweigaardsgate i Oslo, men det rokkar ikkje på erkjenninga om at noko er gale i jordbruket. Dei kan kappast om å hylle den norske landbruksmodellen som ei suksesshistorie, men den som tek steget utom bygrensa, vil straks sjå at noko er gale.

Og det er nett denne galskapen Siri Helle peikar på i si nye bok *Skal landet gro att? Korleis berge norsk jordbruk*. Ja, det er ein lovande tittel. Ikkje berre startar ho ut med eit retorisk spørsmål, men ho meiner også å kunne vise

vegen ut av uføret me har sett jordbruket i.

VÅGAR SEG LENGER

Lesarane av Dag og Tid kjenner Siri Helle godt. Som fast spaltist i bladet har ho gledd lesarane med velskrivne og skarpe analysar om mat og jordbruk i lang tid no. Og stilen frå spalta hennar finst også i boka.

Ho gjer skarpe faktabaserte analysar av kor skeivt jordbruket har kome ut sidan 50-åra og fram til i dag, og ho syner oss at me er på ein lite farbar veg.

Dei store linene i Helles forteljing er ikkje nye, berre oppdaterte. Ho plasserer seg i tradisjonen etter Helge Bergo – småbrukarhovdingen frå Eikingedalen – som var ein aktiv kritiker av den etablerte bondeeliten som har dominert norsk jordbrukspolitikk så altfor lenge. Ho fell seg inn i rekkjene åt fleire av våre samtidige jordbruksdebattantar til venstre for det etablerte sentrum, men ho vågar seg litt

lenger i å føreslå løysingar enn dei fleste andre.

LEDIG OG GOD PENN

Eg finn lite feil i analysane hennar, men eg ser at ho av og til tek snarvegane. Ofte dressar ho opp snarvegane i gode retoriske poeng, som ikkje er direkte feil, men som vert «sanne» gjennom retorikken snarare enn gjennom fakta i seg sjølv. Veikskapen med å leggje opp ei debattbok om norsk jordbrukspolitikk på denne måten er at ho endar opp med å snakke til sine egne, snarare enn til dei ho aller helst treng å kome i dialog med.

Styrken er at det vert lett å følge argumentasjonen, Helle har ein ledig og god penn, og ho tek seg tid til å forklare grunnleggjande agronomiske så vel som landbrukspolitiske prinsipp.

GJELDSTYNGDE BØNDER

Det er særleg læresetninga «meir, større og færre» Helle tek eit oppgjør med. Den har dominert norsk jordbruk i heile etterkrigstida og gjort gardane større, produksjonen meir teknologiavhengig og bøndene færre og meir gjeldstyngde. Og paradoksalt nok har utviklinga vore støtta av store delar av bondeeliten.

Helle ønskjer å bryte med dette rådande synet og tek til orde for å vri overføringane til jordbruket bort frå produksjon og over mot areal. Me treng å utnytte beiteområda våre og det kjølige klimaet vårt, seier Helle og argumenterer for å spele på lag med produksjonstilhøva me har her til lands. Me må utvikle teknologi, husdyrassar og plantesortar som er betre tilpassa dei stadeigne forholda, og gjere oss mindre avhengige av importerte innsatsfaktorar og mindre sårbare.

AUSTERRIKSK IDEAL

Idealforteljingane til Helle finn me i Austerrike, og skildringa hennar av det austerriske dømet er godt, ja, sjeldan godt, faktisk. Me har lenge høyrst Austerrike vorte nemnt i landbruksdebatten, men oftast har det skorta på detaljert og djup innsikt i den såkalla økososiale landbrukspolitikken.



Oftast har det skorta på detaljert og djup innsikt i den såkalla økososiale landbrukspolitikken.

Ein viktig føresetnad for den austerriske modellen har vore anerkjenninga av deltidsbonden, slik sett står det i kontrast til den norske modellen som har ignorert nettopp deltidsbonden.

MOGLEGHEITSJORDBRUK

Kva sit me att med? spør Helle. For sin eigen del svarar ho «endelause moglegheiter». Og det er klart for alle som les boka, at Helle sjølv ser på det norske jordbruket som eit moglegheitsjordbruk.

Helle legg ansvaret på tre pilarar. Fyrst politikarane, som må lage reglar og føresegner som premierer arealbruk og kompenserer driftsulemper. Vidare forbrukarane, som må verte viljuge til å betale meir for maten. Og til sist bøndene sjølve, som må vere innovative og kreative og kome opp med ein kvalitet på produkta sine som skil seg frå det me får kjøpt frå agrobusiness-selskapa.

BJØRN EGIL FLØ

Bjørn Egil Flø er agrarsosiolog og forskar ved Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning.



Det er særleg læresetninga «meir, større og færre» Helle tek eit oppgjør med, skriv Bjørn Egil Flø. Foto: Frank May / NTB scanpix

DAG OG TID

Prøv DAG OG TID

- den nynorske vekeavisa for kultur og politikk - **gratis**:

Send SMS med kodeordet **DT3V** til **2007** og vent på svarmelding for å tinge tre gratis prøvenummer med automatisk stopp. Eller sjå www.dagogtid.no/DT3V

